



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato 14.10.2020
Møtetid: Kl. 13:00 - 15:00
Møtestad: Biblioteket

Av 5 medlemmer møtte 4, inkludert varamedlemmer:

Medlemmar møtte:	Parti:
Solveig Vassenden	Bl
Svein Verner Røseth	FrP
Solveig Sjursen	Pensjonistlaget
Karin Børdal Tveit	Pensjonistlaget

Desse medlemmane møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Terje totland		Ingen	

Møteleiar:	Solveig Vassenden
Møtesekretær:	Meline Heimdal Haugland

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, <dato>

Solveig Vassenden

Meline Heimdal Haugland
einingsleiar innbyggarservice

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
009/2020	20/845	Faste saker	
010/2020	20/15	Innspel til arbeid med Budsjett og økonomiplan 2021-2024	

SAKNR. 009/2020: Faste saker

14.10.2020 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

Plassering av dagsturhytta i Samnanger

I møtet blei plassering av dagsturhytta drøfta. Sekretær informerte om status i saka. Alle representantane i møtet meiner at Kvernesvatnet er den plasseringa som er mest tilgjengeleg med tanke på ulike aldrar og funksjonsnivå i kommunen.

Oppdatering på velferdsteknologi for eldre

Eldrerådet ønskjer å verta oppdatert på velferdsteknologi for eldre, dementplan alarm etc. Sekretær undersøker høve til at Reidun Abotnes kan vera med i neste møte 09.11.20.

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller sakslista.

Merknader til protokollen frå førre møte:

Ingen merknader.

Orienteringssaker:

Sekretær informerte om at novembermøtet i eldrerådet må framskundast. Dette er for at rådet skal rekka å koma med innspel til rådmann sitt framlegg til Budsjett og økonomiplan 2021-2024 innan møte i kommunestyret 03.12.20. I møtet vart det avtalt å framskunda møtet frå 24.11.20 til 09.11.20, kl 10.00-12.00 i biblioteket.

Handbok i aldersvennlege samfunn

Leiar i eldrerådet har tidligare etterlyst KS si *Håndbok i aldersvennlege samfunn*, i form av hefte. Sekretær informerte om det er bestilt 40 eksemplar av handboka som eldrerådet kan disponera og distribuera som ønskjeleg.

Utvalet sitt kvarter:

Ønskje om fleire møter i året for eldrerådet

Eldrerådet ønskjer fleire møter i året enn dei fire som er sett opp, blant anna i samband med innspel til budsjettarbeidet. I den politiske møtekalenderen for 2020 er det sett opp tre møter vårhalvåret og eitt møte hausthalvåret. I vår vart det midlertid kun gjennomført to møter grunna korona. Det tredje møte vart ustett til 03.09.20. Møtet 14.10.20 er sett opp som eit ekstramøte i samband med innspel til budsjettarbeidet. For at eldrerådet skal rekka å koma med kommentarar til rådmann sitt framlegg til Budsjett og økonomiplan 2021-2024 - før kommunestyremøtet 03.12.20 - må novembermøtet i eldrerådet framskundast frå 24.11.20 til 09.11.20. Etter avtale vert møtet 09.11.20 frå kl 10.00 til 12.00. Sekretær undersøker høve for fleire møter i eldrerådet.

ELD- 009/2020 Vedtak:

Møteinnkallinga og sakslista vert godkjent. Referatsaker vert tekne til orientering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 010/2020: Innspel til arbeid med Budsjett og økonomiplan 2021-2024

14.10.2020 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

I møtet vart det lagt fram følgjande innspel til budsjett og økonomiplan 2021-2024:

For høge satsat på dagsenteret

Satsane på dagsenteret er for høge. Det kostar kr 90 for dagsenter, kr 60 i transport og kr 113 for middag, totalt kr 263. På dagsentera i Vaksdal kommune får ein middag og frokost for kr 203, og opphold på dagsenteret er gratis.

Eldrerådet meiner at ein ikkje skal betala for sjølve opphaldet på dagsenteret, då dette bør vera ei gratis kommunal teneste. Eldrerådet veit at det er fleire eldre som ikkje har råd til å betala kr 263 per dag for å bruka dagsenteret. Samrøystes framlegg frå eldrerådet er at utgiftene for opphald på kr 90 vert tatt vekk, og at brukaren kun betalar for transport og middag, totalt kr 173.

Behov for kvilebenkar ulike plassar i kommunen

Det er behov for fleire benkar i kommunen som både kvileplass og møteplass. Særskild med tanke på parken på Bjørkheim og handelsområdet på Bjørkheim.

Eige budsjett for eldrerådet

Eldrerådet har behov for eit eige budsjett for å kunna gjera noko anna enn rein møteverksemd. Samrøystes framlegg om kr 10 000 til diverse kurs, servering, reise/synfaring/besøk til eldreråd i andre kommunar.

Eldrerådet må få vera med tidlig nok i kommunale prosessar når det gjelder planar og planlegging
Kommunen må leggja til rette for meir eldrestyrt samfunnsplanlegging.

ELD- 010/2020 Vedtak:

For høge satsat på dagsenteret

Satsane på dagsenteret er for høge. Det kostar kr 90 for dagsenter, kr 60 i transport og kr 113 for middag, totalt kr 263. På dagsentera i Vaksdal kommune får ein middag og frokost for kr 203, og opphold på dagsenteret er gratis.

Eldrerådet meiner at ein ikkje skal betala for sjølve opphaldet på dagsenteret, då dette bør vera ei gratis kommunal teneste. Eldrerådet veit at det er fleire eldre som ikkje har råd til å betala kr 263 per dag for å bruka dagsenteret. Samrøystes framlegg frå eldrerådet er at utgiftene for opphald på kr 90 vert tatt vekk, og at brukaren kun betalar for transport og middag, totalt kr 173.

Behov for kvilebenkar ulike plassar i kommunen

Det er behov for fleire benkar i kommunen som både kvileplass og møteplass. Særskild med tanke på parken på Bjørkheim og handelsområdet på Bjørkheim.

Eige budsjett for eldrerådet

Eldrerådet har behov for eit eige budsjett for å kunna gjera noko anna enn rein møteverksemd. Samrøystes framlegg om kr 10 000 til diverse kurs, servering, reise/synfaring/besøk til eldreråd i andre kommunar.

Eldrerådet må få vera med tidlig nok i kommunale prosessar når det gjelder planar og planlegging
Kommunen må leggja til rette for meir eldrestyrt samfunnsplanlegging.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.